


På breste-punktet



CD

Engegård-kvartetten

«String Quartets»

2L Verk av Haydn, Grieg, Solberg


Intensiteten pregar denne plata med strykekvartettar av Haydn, Grieg og Solberg. Engegårdkvartetten har sidan oppstarten i 2006 hatt stor suksess, og fyller sommaren med opptrednar i Bergen, Lofoten, Bodø, Elverum og Vestfold. Dei har innteke sin arena med storm – med nettopp eit viktig og stormfullt spel som kjennemerke.

Tolkingane på den første innspelinga kjem difor ikkje som noka overrasking. Ein frisk og drivande Haydn (op 76, nr 5), med eit nærast manisk tempo i fjerde sats. Ein eldfull Solberg (kvartett i b-moll), der norskinspirerte danserytmer har folkeleg spenst. Og ein Grieg (op 27) der strykarane driv kvarandre til brestepunktet i vekselvis yr glede og desperat angst.

På papiret virkar verksamsetjinga underleg. Ved lyttin ga gjev det imidlertid meinig at den samtidige Leif Solberg (1914) får plass mellom dei etablerte. Formmessig held han seg nært tradisjonen frå «papa» Haydn, medan tonespråket deler Griegs dragning mot norsk kulturarv. Meir paradoxal virkar programkommentaren, som formanar om måtehald. For medan Solberg åtvarar mot «overoppheiting og enhver overdrivelse som måtte berøve foredraget for sannhet, eller gjøre lidenskap til hysteri og inderligheten til sentimentalitet», er Engegårdkvartetten alt anna enn nøkterne i spelet. Dei tøyer grenser, og i stort dominerer det røffe, sensuelle engasjementet framfor det polerte.

Som live-ensemble har eg fleire gonger opplevd at Engegårdkvartetten mista grep i denne utforskinga. Vilja har vore sterke enn gjennomføringsevna, og det intendert rå uttrykket har lydd ukontrollert, slurve. På plata lukkast ensemblet på eit heilt anna vis, sjølv om dei etter mi meinig stadig tangerer det overdrivne. Så er det kanskje på grensa mot det kontrollause at musikken får sitt verkelege liv?

nyeinntrykk@dagsavisen.no



IDA
HABBESTAD

DAGSAVISEN
LØRDAG 2. AUGUST 2008

KULTUR